

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 15.08.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Guri Bugge, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus og Veslemøy Mjelde.

Referent: Kaia

Sak 2023/53: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/54: Godkjenning av referat frå styremøte 13.06.2023. Godkjent

Sak 2023/55: Eigedomar:

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset; Me har ikkje motteke svar frå kommunen på søknad om støtte til tiltaket sendt kommunen 28.06 (purra ein gong). Bygdelaget har fått pris frå to entreprenørar, desse er nokså like. Me har tilsegn om kr 200.000,- til tiltaket frå Sparebankstiftinga Hardanger. Me avventar svar frå kommunen, og tek saka opp att i neste styremøte.
- Bygdelaget har fått melding om at nokre turstiskilt på kulturstien er i dårleg forfatning, m.a. lause og defekte stativ. Gjennomføre ein dugnad for å rette opp i dette. Det er ymse skilt på lager i bod i leskuret.
- Ein av skjermene i utstillinga er defekt og må erstattast av ny, Angunn er på saka. Reserveskjerm er sett opp.
- Reinholdar ynskjer bonemaskin for å letta vedlikehaldet av golva. Sigmund undersøker og får pris på maskin.
- Sigmund lakkar golvet i gymsalen i august/september.
- Elektrikar skal kontrollere/måle Eswa takvarmeanlegg i gymsalen, det er mistanke om at anlegget er defekt. Utførast snarast, før salen er komen i full haustbruk. Sigmund styrer dette.

Sak 2023/56: Tilstellingar:

- Det vert haustmarknad ved butikken laurdag 16. september. Komite er sett ned, marknaden er eit samarbeid mellom bygdelaget og butikken. Dei kontaktar fruktprodusentar og andre aktuelle seljarar. Velkommen!
- HB har i fleire år teke initiativ til og arrangert årlege oppsummeringsmøter etter turistsesongen for aktuelle aktørar og andre interesserte. HB innkallar til denne samlinga tysdag 24.10 kl. 19.00 i matsalen på kulturhuset.

Sak 2023/57: Økonomi:

- Bygdelaget har fått MVA kompensasjon på nærmiljøanlegget på kr 439.000, -. HB hadde eigenandel på kr 300.000, - og HIL på 100.000, - i tiltaket. Me tek eit møte med idrettslaget om fordeling av MVA kompensasjon og framtidig vedlikehald.
- Kasserar søker ordinær MVA kompensasjon, MVA kompensasjon for restaurering av ballbinge og straumstøtte til kulturhuset (frå Lotteristiftinga).
- Arrangement; 17.mai: overskot kr. 2491,- under forutsetning av at kommunen refunderer utgift på kr. 5000,- til musikklag.
Jonsok: overskot kr. 7210,-.
- Pantedonasjon på Herand Handel; når ein pantar på Herand Handel kan ein velje å donere panten til Herand bygdelag. Tusen takk for alle bidrag!

Sak 2023/58: Herand Kulturhistoriske senter:

Status etter årets sommarsesong; 105 vaksne og 101 barn har betalt seg inn på utstillinga. 48 ordinære opningsdagar i sesongen, 26 av desse heilt utan besøk. Eit underskot på om lag 9000,- til no. Planar om eit leirskulebesøk i haust.

Sak 2023/59: Jondal Frivilligsentral:

Årsmøte 06.06.2023. Guri var i møtet som representant for HB. Ny leiar av sentralen er Christine Molven. Marta Håvik vart valt inn som styremedlem, Reidun H. Dalseth valt inn som vara. Trond Vikane gjekk ut av styret, og me takkar han for god innsats! Eit tema på årsmøtet var at frivilligsentralen ynskjer å gje tilbod til fleire ulike aldersgrupper.

Sak 2023/60: Andre saker/eventuelt:

- Elbilladar i Herand; Det ser no ut til at ei løysing med private utbyggjarar er den sikraste måten å få etablert elbilladarar i bygda. Kommunal eller eige grunn og kort veg til trafo er ein fordel grunna kostnader. Guri følger opp moglegheiter for å få på plass elbillading.
- Det bør ryddast og systematiserast på kontoret i kulturhuset. Dette vert eit vinterprosjekt. Kanskje det bør søkast midlar til møblement/innreiing/data og kopiutstyr?

Neste styremøte tysdag 12.09.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus.